



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
Firda vidaregåande skule



Meir ennvein skule



Utviklingsplan

for

Firda vidaregåande skule

2010 – 2011

Innholdsliste

UTVIKLINGSPLAN FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE 2010 - 2011	3
1. STATUS OG UTFORDRINGAR – OPPLÆRINGA.....	3
2. STATUS OG UTFORDRINGAR – BYGNINGAR OG PERSONALRESSURSAR	3
2.1 TRIVSELSHAGEN – SKULE/KULTUR-BYGG	4
2.2 TRIVSELSHAGEN - IDRETTSDEL	4
2.3 UTSTYR	4
2.4 PRIORITERING AV KONKRETE TILTAK	4
2.5 PRIORITERINGAR BYGNINGAR/AREAL.....	4
2.6 PRIORITERINGAR UTSTYR OG INVENTAR	4
2.7 PERSONALRESSURSAR	5
3. VISJON	5
3.1 OVERORDNA VERDIAR.....	5
3.2 OVERORDNA MÅL.....	5
4. PEDAGOGISK PLATTFORM.....	5
5. FOKUSOMRÅDE	5
6. HOVUDMÅL INNAN DEI FEM FOKUSOMRÅDA	6
7. TILTAK	6
8. VEDLEGG TIL UTVIKLINGSPLANEN 2010-2011	7

UTVIKLINGSPLAN FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE 2010 - 2011

1. Status og utfordringar – Opplæringa

Sidan førre revisjon av utviklingsplanen har det på Firda vgs ikkje vore endringar i personalsituasjon, opplæringstilbod eller elevgrunnlag. Nytt er større løyvingar til eit realfagsenter og til eit regionalt mediesenter. Prosjektet ”Realfagsløft 2010” går over to år og inneber m.a. etablering av eit Newton-rom med energi og klima som tema. Newtonrommet vil vere klar til bruk hausten 2010 og to lærarar vil verte knytt til drifta av dette senteret. Mediesenteret har fått midlar til ei halv stilling, og i tillegg midlar til utstyr frå Film og Kino/Vestnorsk Filmsenter. Mediesenteret ved Firda deltek i eit nettverk saman med Vestnorsk Filmsenter, Høgskulen i Volda, Høgskulen i Bergen, Kunsthøgskulen i Bergen og Universitetet i Bergen for å auke kompetansen i film på Vestlandet.

Begge dei nemnde sentra vil skape større utovervend aktivitet og spennande koplingar mellom skule og kultur- og næringsliv i regionen. Felles utfordringar for begge er å utvikle gode kurstilbod, bygge nettverk og inngå partnarskapsavtaler for å skape gode tilbod for aktuelle brukarar.

Skulen har søkt om regionale utviklingsmidlar våren 2010 for å bygge opp eit ressurscenter for friluftsliv og naturforvaltning.

Etter drøftingar i fleire personalmøte og i elevråd er det tydeleg at arbeidet i klasseromma skal ha hovudprioritet i skuleåret 2010/2011. Dette femner om mange sider ved skulekvardagen: dialog og samarbeid mellom ulike grupper på skulen må betrast (lærer-elev, tilsette – leiing, elevar – driftspersonalet), læringstrykk og motivasjon må styrkast, vurderingsarbeidet må bli betre. Elevundersøkinga viser at elevane trivest godt på Firda, men at det står noko att når det gjeld motivasjon. Elevrådet har i ein kommentar til elevundersøkinga streka under kor viktig variasjon i arbeidsmåtane er og at kvaliteten i dialogen lærar-elev er avgjerande for både trivsel og motivasjon. Elevrådet ser større grad av elevmedverknad som eit avgjerande tiltak for å auke læringstrykk og motivasjon blant elevane.

Også lærarane har understreka behovet for betre motivasjon og høgare læringstrykk i gruppene. Begge desse forholda heng saman med mellom anna betre kvalitet på undervegsvurdering og dialogen lærar-elev. Ei anna side ved dette kan vere meir tverrfagleg samarbeid mellom lærarar/grupper. Også auka og høgare kvalitet på elevmedverknad vil kunne styrke både trivsel, motivasjon og læring. Som ledd i det same arbeidet må leiinga prioritere tettare kontakt med alle grupper av tilsette og elevar.

Ei vesentleg grunnlag for trivsel og godt miljø er orden på arbeidsplassen. Både i klasseromma og i fellesareala må det bli betre orden, ansvaret for dette må styrkast hos alle på skulen.

2. Status og utfordringar – bygningar og personalressursar

Skulebygningane på Firda vgs er bygde med undervisningsrom tilpassa tradisjonell klasseromsundervisning. Sjølv om vi i realiseringa av Kunnskapsløftet ofte kunne ønske meir fleksible romløyisingar, ser vi ikkje føre oss at dette fullt ut let seg gjere med eksisterande bygningsmasse.

Vi har likevel kome eit steg på vegen gjennom bygginga av Trivselshagen og endra bruk av eksisterande bygningar. Vi har fått ei betre avdelingsvis organisering av undervisninga og fleire møte- og grupperom. Dette opnar for meir fleksibilitet og betre romtilgang for tilrettelagt undervisning, gruppedeling og elevsamtaler.

2.1 Trivselshagen – skule/kultur-bygg

Skule- og kulturdelen av Trivselshagen er ferdig, og vi har såleis fått langt betre undervisningsrom for dans, drama og medium og kommunikasjon. Vi har også fått auditorium der vi kan samle opp til tre klassar samtidig og kultursal der musikk, dans og drama kan framføre større oppsetningar. Den samlokaliseringa vi her har fått av dans, drama, kultursal, kulturskule, bibliotek, kino/auditorium gjev store synergieffektar både når det gjeld bygningar og fagleg samarbeid med kulturskulen.

2.2 Trivselshagen - idrettsdel

Utbygginga av idrettsdelen av Trivselshagen skal skje i to trinn. Første del består m.a. av slutføring av rehabilitering av Firdahallen, symjeanlegg, treningsstudio/vektrom og lærararbeidsplassar. Kostnadsramme for dette byggesteget var omlag kr. 76,5 mill. Ved anbudsutlysing viste det seg at dette byggesteget vart mykje dyrare og prosjektkostnaden vart berekna til ca. 129 mill. ut frå lågaste anbod. I samarbeid med entreprenør har ein no redusert omfanget av utbygginga og kome ned på ei ramme på om lag 96,5 mill. Ytterlegare reduksjon i utbygginga ser ein ikkje som forsvarleg. Ein avventar no avgjerd om tilleggsøyving eller utviding av låneramma på ca. 20 mill. Dette vert avgjort i juni 2010.

Vi vil understreke at dette byggesteget ikkje løyser Firda sine prekære behov for undervisningsareal for ulike aktivitetar innan kroppsøving og idrettsfag. Det er difor heilt avgjerande for Firda at prosjektering og utbygging av byggesteg to av idrettsdelen skjer så raskt som mogleg. Denne delen omfattar m.a. turnsal og fleirbrukshall.

2.3 Utstyr

Skulen har etter kvart betydelege verdiar av teknologisk utstyr t.d. innan IKT, musikk, medium og kommunikasjon og videokonferanseutstyr. Det meste av dette har relativt kort levetid og det er stort behov for årleg fornying av dette utstyret. For vår skule vil dette utgjere omlag 0,8 mill. pr. år. I dag ligg vi langt under dette i utstyrløyvingar. Det er heilt klart at dei satsane som vert brukte i dag er forelda både når det gjeld innkjøp av nytt utstyr og fornying av det eksisterande. Ny organisering av undervisning og eksamen, og dermed omlegging til nye undervisningsmåtar, krev omfattande investeringar i m.a. IKT-utstyr både til elevar og lærarar. Frå hausten 2009 starta innføring av berbare PC til elevane. Dette bør føre til mindre behov for faste datarom med stasjonære maskiner.

2.4 Prioritering av konkrete tiltak

Når det gjeld prioritering av konkrete tiltak finn vi det vanskeleg å vurdere bygningar/areal opp mot utstyr og personalressursar. Vi har difor valt å dele dette opp.

2.5 Prioriteringar bygningar/areal

Det mest akutte behovet for Firda er i dag undervisningsareal innan kroppsøving/idrettsfag. Det er difor avgjerande at ein i juni 2010 får tilleggsøyving til fullfinansiering av byggesteg I av idrettsdelen, og at ein snarast råd kjem i gong med detaljprosjekteringa av byggesteg II.

2.6 Prioriteringar utstyr og inventar

På grunn av undervisningstilbod som t.d. IKT og medium og kommunikasjon har det dei siste åra vore gjort store investeringar i IKT-utstyr, kamera, videoutstyr og programvare. For å gjennomføre dei nye læreplanane i LK-06 med krav om auka digital kompetanse i alle fag,

blir det ein føresetnad at skulen har tilgjengeleg og oppdatert IKT-utstyr. Dette er prioriterte felt også komande år. Skulen har framleis stort behov for innkjøp av nytt og oppdatering av eksisterande digitalt utstyr. Sidan både MK- og musikk-elevar nyttar Mac og ikkje PC medfører også dette vesentlege meirkostnader.

Skulen har også eit stort etterslep når det gjeld inventar i undervisningsrom. Ein stor del av pultar og elevstolar er meir enn 40 år gamle. Kostnaden med dette er så høg at det er vanskeleg å finansiere det over vanlege driftsmidlar. Ein bør få løyving over budsjettet til å kunne skifte ut dette inventaret på minimum eitt rom pr. år (om lag kr. 80.000).

2.7 Personalressursar

Når det gjeld personalressursar, er følgjande område spesielt problematiske:

Rådgjever: Skulen har pr. i dag ressurs svarande til 101,88 . Det er ønskjeleg med ei monaleg styrking

IKT-ansvarleg: Skulen har 101 % ressurs til IKT-ansvarleg, og 18 % til e-lærar.

Miljøarbeidar: Skulen har i dag miljøarbeidar i ½ stilling. Det er behov for heil stilling.

3. Visjon

Firda skal ha ein tydeleg fagleg profil og ei vid forståing av læring – og vere ein sosial og kulturell møteplass, open for nytenking.

Skulens motto er: ”Firda – meir enn ein skule”

3.1 Overordna verdiar

I utviklinga av skulen som lærande organisasjon og danningsarena skal Firda bygge på fem sentrale verdiar:

- Mangfald
- Dialog
- Tillit
- Handlefridom
- Ansvar

3.2 Overordna mål

- Halde opp elevsøknad og klassetal som no innan alle utdanningsprogram
- Skulen skal vere ein god og utfordrande arbeidsplass for elevar og tilsette
- Læringsmiljøet skal stimulere til læring og utvikling av kompetanse, ansvarskjennele, samarbeidsevne, sjølvstende og skapande evner
- Firda skal vere eit kunnskaps- og kultursenter for lokalsamfunn, region og fylke
- Firda skal vere ein sentral aktør i det lokale næringslivet

4. Pedagogisk plattform

Det pedagogiske arbeidet skal vere tufta på dei fem kjerneverdiane: mangfald, dialog, tillit, fridom, ansvar. Desse verdiane skal vere tydelege i alt praktisk arbeid – frå planlegging til vurdering.

5. Fokusområde

Skulen vil løpande møte utfordringar og oppgåver som må løyast, anten dei er heimla i ulike styringsdokument eller resultatet av faktisk utvikling i skule og samfunn. Døme på slike arbeidsfelt er

trivsel og tryggleik, desentralisert opplæring og internasjonalisering. Det er likevel slik at ein skule må ha nokre prioriterte arbeidsfelt som elevar og tilsette står saman om å løyse. Hovudmålsetjinga i åra som kjem skal vere å styrke arbeidet i klasseromma, som er arena for primæroppgåva til skulen: skape god læring på mange område. Berre ved å ha tydeleg fokus på klasserommet og aktivitetane der, kan vi lukkast i å nå dei overordna målsetjingane for skulen. Firda sine fem fokusområde, som alle skal vere retta inn mot og støtte opp om dette klasseroms-arbeidet, er:

1. Læring og trivsel
2. Digital kompetanse
3. Vurdering
4. Elevmedverknad
5. Utovervende aktivitetar

6. Hovudmål innan dei fem fokusområda

Mål 1: Skape eit arbeidsmiljø som fremjar læring, trivsel og samarbeid

Mål 2: Utvikle god og føremålstenleg digital kompetanse hos elevar og tilsette

Mål 3: Styrke kompetansen i vurdering, med fokus på konstruktive tilbakemeldingar og lærerike dialogar

Mål 4: Styrke medverknad og motivasjon hos elevar og tilsette på alle nivå i organisasjonen

Mål 5: Styrke nettverksarbeid og samarbeid med næringsliv, institusjonar og organisasjonar, lokalt og regionalt med hovudføremål å styrke læringsarbeidet.

7. Tiltak

	Tiltak	Tidsrom	Ansvarleg
a	Vidare skulering i vurdering, med hovudvekt på god undervegsvurdering	Planleggingsdagar og seksjonsmøte, haust og vår	OE
b	Vidareføre arbeidet med etterutdanning i digital kompetanse Vidare opplæring i Fronter, SPL og Skolearena mm	Planleggingsdagar og høgskulens tilbod, heile skuleåret	KA/ OE VH/PKH/
c	Årsplanfesta medarbeidarsamtaler med pedagogisk oppfølging av arbeidet til den enkelte læraren	Skuleåret, årsplanen	leiinga
d	Samarbeid med grunnskulen, Utdanningsval og 13-årig skuleløp i samanheng	Skuleåret, årsplanen	IMS / OE
e	Legge til rette for fleksible timeplanløysingar	Skulestart, timeplanlegginga	VH / OE
f	Legge til rette for klasseteam / tverrfagleg samarbeid	Skulestart, timeplanlegginga	VH

g	Etablere fleire faglege og pedagogisk møteplassar, både for heile kollegiet og for enkelte lærargrupper, ma Pedagogisk forum og Digitalt forum	Skuleåret, datofesta på årsplanen	OE / IMS / VH
h	Representant frå driftspersonalet møter fast i elevrådet	Datofesta på årsplanen	VH
i	Faste møte mellom leiinga og driftspersonale	Kvar månad	VH
j	Aksjon for betre orden på skulen	Ved skulestart, med regelmessig oppfølging	VH / OE
k	Ha systematisk kontakt med eksterne samarbeidspartnarar	Skuleåret	IMS/OE
l	Arbeide aktiv gjennom formelle kanalar for å få heile Trivselshagen realisert	Skuleåret	KA/IMS
m	Avdelingane melder inn behov for IKT-utstyr	Hausten 2011	KA
n	Vaktmeister registrerer behov for nykjøp av inventar i undervisningsrom	Hausten 2011	VH
o	Arbeid gjennom formelle kanalar for å auke ressursen til miljøkoordinator til 100 %	Skuleåret	KA

8. VEDLEGG TIL UTVIKLINGSPLANEN 2010-2011

Utviklingsplanen som han no ligg føre er resultatet av ein prosess som har gått over fleire månader. Eit viktig utgangspunkt har vore Elevundersøkinga, som har vore drøfta både i personalmøte og i elevråd. Elevrådet har laga ein skriftleg merknad med framlegg til satsingsområde: variasjon i undervisninga, betre undervegsvurdering, større elevmedverknad, arbeid med motivasjon. Utkast til revidert utviklingsplan har vore drøfta i elevråd, i personalmøte for pedagogisk tilsette og i personalmøte for driftspersonale. Seksjonar og avdelingar har drøfta revisjon av utviklingsplanen og kome med framlegg til tiltak. Tillitsvalde handsama utkast til ny utviklingsplan på møte 28.5. og hadde ingen merknader til dette.

Firda vgs har valt å ha ein utviklingsplan med oversiktleg tal på tiltak. Dette synleggjer ei faktisk prioritering og gjer det enkelt for alle tilsette og elevar å halde fokus på det skulen vurderer som dei viktigaste tiltaka. Planen skal vere enkel å finne fram i. Han skal vere eit arbeidsdokument for leiing, elevråd, avdelingar, fagkoordinatorar, tillitsvalde og derfor nyttast aktivt i statusrapportering og planlegging gjennom skuleåret.

Med den forma skulen har valt for utviklingsplanen, bør det også vere greitt å gjere seg kjend med den for eksterne samarbeidspartnarar.